

**INFORMASJON OM SØKER**

- En søknad må alltid ha én søker som har ansvaret, selv om flere samarbeider om prosjektet.
- Tilskudd som Helsedirektoratet innvilger, utbetales alltid til den virksomheten som har ansvaret.
- Dersom flere virksomheter eller organisasjoner samarbeider skal dere forklare hvem dere samarbeider med og hva samarbeidet består av.
- Med prosjektet menes i skjemaet både prosjekter, tiltak eller aktiviteter som det søkes om tilskudd til.

Skjema er utfyllt av

Fornavn	Else-Marie
Etternavn	Aarø
Tittel	Seniorrådgjevar

Organisasjonsnummer Organisasjonsnummeret må være basert på en juridisk enhet.	NO 938 626 367 mva.
---	---------------------

Organisasjonsnavn Organisasjonsnavnet må være identisk med enhetsregisteret i Brønnøysundregistrene	Hordaland fylkeskommune
--	-------------------------

Adresse	PB 7900
---------	---------

Postnr./-sted	5020 Bergen
---------------	-------------

Organisasjonsform	FYLK
-------------------	------

E-postadresse Postmottak/ offisiell e-postadresse til søker	hfk@hfk.no
--	------------

Webadresse	www.hordaland.no
------------	------------------

Kommunennummer Kun for kommuner	5201 06 74239
------------------------------------	---------------

Kontonummer	
-------------	--

Merknad på utbetaling Oppgi hvilken merknad dere ønsker på innbetalingen dersom dere får innvilget tilskudd – maks 40 tegn	160 324 00, merk 21236 Aarø
---	-----------------------------

**Kopiadresse**

Vi sender alltid brev til hovedadressen som skal stemme med Enhetsregisteret. Dersom dere ønsker, sender vi kopi av alle brevene til den adressen dere oppgir her.

Organisasjonsnavn	Hordaland fylkeskommune
	Regionalavdelinga
Avdeling	
Adresse	Regionalavdeling@hfk.no
Postnr / Poststed	5020 Bergen
Land	Norge

**Kontaktperson**

Oppgi minst én person Helsedirektoratet kan kontakte dersom vi har spørsmål om søknaden.

Fornavn	Else-Marie Brobakke
Etternavn	Aarø
Telefonnummer	924 79 790.
E-postadresse	Else-marie.aaro@hfk.no
Fornavn	Mette Nora
Etternavn	Sætre
Telefonnummer	+4799509724
E-postadresse	Mette.nora.saetre@hfk.no

**Organisasjonsstruktur**

Vi har ingen moder-, søster-, eller datterorganisasjoner

Vi har moder-, søster-, eller datterorganisasjon(er) - Vedlegg fullstendig organisasjonsoversikt

Vi er et statlig, fylkeskommunalt eller kommunalt forvaltningsorgan - organisasjonsoversikt ikke nødvendig



## PROSJEKTBEKRIVELSE

- Beskriv prosjektet, tiltaket eller aktiviteten dere søker om tilskudd til, og målene med dette.
- Helsedirektoratet legger særlig vekt på måloppnåelse i prosjektene ved vurdering av søknadene.

Tittel for prosjektet

Skriv inn en tittel som er beskrivende for prosjektet - maks 100 tegn.

### ***Saman for betre trivsel og livskvalitet for alle barn og unge***

Kort beskrivelse

Skriv en kort beskrivelse av prosjektet - maks 300 tegn.

Hordaland søker deltaking i program for folkehelsearbeid for å styrke praksisnær samhandling, kvalitet og innovasjon i det lokale folkehelsearbeidet. Målet er å utvikle tiltak som fremjer psykisk helse, trivsel og livskvalitet og/eller rusførebyggjande arbeid der barn og unge lever liva sine. Programarbeidet skal byggje på eit helsefremjande perspektiv. Tittelen - *saman for betre trivsel og livskvalitet for alle barn og unge* - viser til at samhandling skal vere ei rettesnor for å skape gode resultat i programarbeidet. Dette speglar seg også i fleire av måla for arbeidet.

Eit viktig grep for å sikre gjennomføring er å byggje god samarbeidsstruktur i fylket. Derfor er regionalt samarbeidsorgan etablert; med god representasjon frå kommunane, involvering av politisk nivå i fylkeskommunen, statlege etatar, frivillig sektor, ungdomsrepresentantar, samt kompetansesentre og forskingsmiljø. Deltaking av fem sterke FoU-miljø med ulik kompetanse og kjennskap til kommunane vil styrke arbeidet med tiltaksutvikling og evaluering. FoU-miljøa etablerer eit fagnettverk inn mot programmet.

Fylkeskommunen har lagt til rette for drøfting/involvering av kommunane i utvikling av søknaden. Temaområda for programmet er med vilje laga opne, etter råd frå kommunane, slik at dei kan legge egne behov for tiltaksutvikling til grunn. Det er opna for at kommunar kan søkje opptak åleine eller saman, og særleg for åra 2019-2020 vil det bli arbeid for å utvikle større prosjekt på tvers av kommunar. FoU-miljøa har utvikla system for evaluering, og vil bidra med utvikling av verkty for støtte i kommunane. Før vi veit kva tiltak kommunane ser føre seg meiner vi det mest realistiske er å sikre gode system for eigenevaluering. Ved opptak i programmet skal open invitasjon sendast til alle kommunar. Denne vil skissere kriterier for opptak og føringar for utvikling av programsisser. Fylkeskommunen etablerer styringsstruktur, møteplassar, koordinerer arbeidet og vil bidra til deling av erfaringar og kunnskap frå arbeidet i kommunane.

*For skildring av organiseringa av søknadsprosessen og planar framover sjå vedlegg 1.*

Bakgrunn for prosjektet

Beskriv hvorfor prosjektet er nødvendig.

Jamt over er helsa god i Hordaland også blant barn og unge<sup>1</sup>. Likevel er det skilnader både på tvers av dei ulike kommunane, i lokalsamfunna i kommunen, og mellom bydelane i Bergen. Dei siste åra har kunnskapen om kva faktorar som fremjer og hemmar helsetilstanden i fylket auka

<sup>1</sup> Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt

både i kommunane og på regionalt nivå. Samstundes er det stor trong for å kople kunnskap til utvikling av gode tiltak i kommunane, særskild for å fremje den psykiske helse.

Det er framleis forholdsvis lite data om korleis det står til med den psykiske helse i fylket. Dette reknar vi med å få djupare kunnskap om etter gjennomføringa av «Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018», i april i år.

Hordaland fylkeskommune har på ulike måtar kartlagt korleis folk i fylket har det. Skildringa under er knytt opp til tilhøve som har relevans for program for folkehelsearbeid i kommunane. Vi har særlig sett på trivsel, livskvalitet og psykisk helse, helseforskjellar, medverknad i lokalsamfunn og nærmiljø, samt tiltaksutvikling.

Hordaland er eit fylke med store interne skilnader i folkehelse<sup>2</sup>. Innbyggjarane i Bergen utgjør halvparten av innbyggjarane i fylket. I Bergen er det mellom anna store skilnader mellom bydelane når det gjeld psykiske plagar, søvn og kosthald<sup>2</sup>. Eit viktig funn frå Bergen er at dei områda som har opphopingar av utfordringar hos vaksne, også har utfordringar for barn<sup>2</sup>.

Hordaland har ein høgare del barn og unge i forhold til landsgjennomsnittet, men denne samansetninga varierer ut frå regioner<sup>3</sup>. Det er god barnehagedekning i fylket, men prosentdelen av barn i barnehage er lågare blant minoritetsbarn<sup>4</sup>. Funn frå bydelane i Bergen viser stor variasjon hos dei som lever i hushald med låg inntekt i aldersgruppa 0-17 år. Økonomi i familien ser ut til å påverke mange forhold hos ungdom, som frukostvaner, bruk av rusmidlar og kjensla av tryggleik i nabolaget, og kjensle av einsemd<sup>5</sup>.

Sosial ulikskap knytt til organiserte fritidsaktivitetar synest godt i fylket<sup>5</sup>. 72 % av dei unge som opplever god råd er med på organiserte fritidsaktivitetar, mens blant dei som har dårleg råd deltek 56 %. Av dei som melder om dårleg råd er det dobbelt så stor del (16%) som opplyser at dei aldri har delteke i organiserte fritidsaktivitetar, enn dei som seier dei har god råd (8%).

Eit anna utfordringsbilete er at det er mange som oppgjer at dei er einsame - jentene i større grad enn gutane<sup>5</sup>. Dei som ikkje er med på fritidsaktivitetar er meir einsame. Funn viser at unge i dag sit mykje framfor skjermar. Her finn ein samanheng med både kjensla av einsemd og søvnproblem. Søvnproblem og kjensla av einsemd har ein samanheng med trivsel i skulen.

Dei aller fleste elevane ved ungdomsskulane i Hordaland trivst på skulen, men også her er det nokre utfordringar<sup>5</sup>. Det er relativt stor skilnad i familiene sin sosioøkonomiske status. Ein av fem barn frå familiar med dårleg råd svarar at dei mistrivst i skulen. Delen elevvar i 10. klasse som trivst er lågare enn i landet<sup>6</sup>, og det har den vore over tid. Det er i snitt ein større del barn i 10.klasse som opplever at dei har blitt mobba, samanlikna med landet, men her er skilnadene veldig store i fylket.

Det er samanheng mellom trivsel i skulen og skuleresultat<sup>1</sup>, som igjen heng saman med risiko for fråfall i vidaregåande skule<sup>7</sup>. Data viser også ein samanheng mellom trivsel i 10. klasse og

<sup>2</sup> Barn og unge i Bergen 0-13 år. Helseatferd og påvrkningsfaktorer. (2014)

<sup>3</sup> Norgeshelse statistikkbank

<sup>4</sup> Hordaland i tal, Folketal og demografi. Nr 1 - 2017

<sup>5</sup> «Korleis har ungdommane våre det?» AUD-rapport nr 04/2018

<sup>6</sup> Kommunehelse statistikkbank

<sup>7</sup> Barne- ungdoms- og familiedirektoratet

barn og unge sine leseferdigheiter, opplevinga av å bli mobba og arbeidsløyse og uføretrygd blant foreldre<sup>1</sup>. I Hordaland i skuleåra 2011/12-2013/14 hadde 10 av 33 kommunar signifikant høgare del elevar på det lågaste meistringsnivået i leseferdigheiter. Dei som mistrivst i skulen trenar også mindre enn dei som trivst<sup>5</sup>.

For å vurdere den psykiske helsa blant befolkninga, kan ein sjå på bruk av legemidlar. Bruken blant barn og unge ligg relativt tett opp mot landsgjennomsnittet<sup>3</sup>. Til tross for dette viser data at skilnaden innan fylket er stor. Det vil seie at blant kommunane i fylket ligg nokre godt over gjennomsnittet i bruk av legemidlar blant barn og ungdom<sup>8</sup>. Tilsvarande gjeld for delen unge i alderen 15-29 år som har hatt kontakt med primærhelsetenesta i samband med psykiske symptom og lidingar.

Tal frå 2013 viser at 59% av innbyggjarane i Hordaland har trygg tilkomst til rekreasjonsareal, medan 57% har trygg tilkomst til nærturterreng<sup>3</sup>. Dette er bevaringspunkt som bør få merksemd. Estetikk, design, arkitektur, innhald og bruk er samla med på å gi identitet og eigenart til møtestader og byrom. Eit funn frå folkehelseoversikta er fare for negative effektar av fortetting 2015 (ibid.). Oversikta viser at totalt 28% bur i område som dei opplev som trafikkfarlege for små barn<sup>9</sup>. I Hordaland ligg også dei mest fragmenterte rekreasjonsområda i område med stor utbygging og høg befolkningsvekst. Dette er med andre ord sårbare område for fylket. Det er vidare berekna at 51% av innbyggarane i Bergen er utsette for høg vegtrafikkstøy utanfor bustaden sin<sup>3</sup>.

Trygge, attraktive og tilgjengelege uteområde og møtestadar kan fremje sosial kapital og auke kjensla av å høyre til ein stad<sup>10</sup>. I ei spørjeundersøking i Hordaland svarte befolkninga at idrettshall, kveldsopen restaurant/ kafé og bibliotek var viktige tilbod i eit sentrumsområde. Hos ungdom er det ein samanheng mellom det å kjenne seg trygg i nabolaget og det å vere einsam. Dei som er usikre eller kjenner seg utrygge er også dei som er meist einsame. Det er ein tydeleg gradient der graden av utrygghet er omvendt proporsjonal med økonomisk status. Gradienten er også synleg når det gjeld rusbruk, både når det gjeld alkohol og hasj.

Tilbakemeldingar frå kommunar i Hordaland synar at fleire meiner dei har for lite kunnskap om kva tiltak som er viktige for å fremje barn og unge si psykiske helse. Det er grunn til å tru at i Hordaland vert psykisk helse som del av folkehelsearbeid prioritert lågare enn det burde vere, slik ulike undersøkingar viser er situasjonen for heile landet.

Deltaking i program for folkehelsearbeid er tenkt å styrke kommunane sin samla innsats for å fremje psykisk helse sjå barn og unge. På denne måten bidra til at gode tiltak for å fremje at psykisk helse blir meir lagt vekt på i åra som kjem. Hordaland arbeider aktivt for å vidareutvikle møteplassar rundt det systematiske og langsiktige folkehelsearbeidet og psykisk helse hos barn og unge.

Målene for året dere søker om tilskudd  
Hva vil dere oppnå dersom dere får innvilget et tilskudd?

<sup>8</sup> Kommunehelsa statistikkbank

<sup>9</sup> SSB sin Levekårsundersøking 2012

<sup>10</sup> Renalds, A. (2010). «A systematic review of Built Environment and Health»

Måla for arbeidet i Hordaland har vore drøfta både med kommunane og med regionalt samarbeidsorgan. Det er semje om at programarbeidet i Hordaland skal støtte opp under det overordna målet med folkehelsearbeidet i fylket som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir gode leveår, og som jamnar ut sosiale helseforskjellar. Programarbeidet skal også støtte opp under Regional planstrategi 2016-2020 sitt hovudmål 2.2 Eit inkluderande samfunn.

Programarbeidet i fylket skal vidare bygge opp under og styrke perspektiva i Regional plan for folkehelse 2014-2025 og Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. Her ligg innsats for å utvikle strukturelle tiltak gjennom inkludering, befolkningsretta og helsefremjande innsats for og med barn og unge.

Tematisk innretning av tiltaka er knytt opp mot hovudinnsatsområda i Regional plan for folkehelse som er:

- Lokalsamfunn og nærmiljø
- Oppvekst og læring
- Arbeid
- Aktivitet og sosial deltaking

Vi meiner at denne tematiske innrettinga for tiltaka i Hordaland fangar opp viktige arenaer der barn og unge oppheld seg, og er i tråd med føringane som ligg i Program for folkehelsearbeid i kommunane. Kommunane ønskjer breidde i val av temaområder for utvikling av tiltaka sine.

#### **Overordna mål:**

***Gjennom inkluderande og helsefremjande samfunn skal barn og unge oppleve betre trivsel, livskvalitet og psykisk helse.***

#### **Mål for arbeidet i Hordaland:**

- Utvikling av kunnskapsbaserte lokale tiltak, arbeidsmåtar og verkyt retta mot barn og unge.
- Innsats for psykisk helse og rusførebygging skal vere breitt forankra og integrert i kommunane, og gjort synleg gjennom regionale og kommunale dokument/planar.
- Kommunane får auka kunnskap og kompetanse om faktorar som fremjer god trivsel, livskvalitet og psykisk helse for barn og unge.
- Kommunane får auka kompetanse om helsefremjande arbeidsmetodar og tiltaksutvikling.
- Auka innsats for å involvere barn og unge i planlegging, utvikling og gjennomføring av tiltak.
- Auka medverknad frå befolkninga, og samarbeid mellom relevante aktørar i kommunen.
- Auka samskaping mellom kommunane, næringslivet og frivilligheita.
- Auka samarbeid mellom kommunane, kunnskaps- og forskingsmiljøa og fylkeskommunen.
- Erfaringar og kunnskap knytt til programmet skal delast internt i kommunen, og ut mot andre kommunar og aktuelle partar.

#### **Gjennom desse måla skal barn og unge oppleve:**

- høg trivsel og livskvalitet, og god psykisk helse
- reduserte helseforskjellar
- vere inkludert i lokalsamfunn og nærmiljø

- medverke i planlegging og tiltaksutvikling

Det er utvikla kriterium for val av kommunar inn i programmet i Hordaland. Desse skal knytast opp til følgjande fem tema:

- lokalt kunnskapsgrunnlag, fagleg innretting og aktuelle tiltak for arbeidet i kommunen
- forankring og organisering av arbeidet
- plan for medverknad, inkl. samarbeid med frivillig sektor
- evaluering, fagleg samarbeid
- budsjett, administrative rammer, og rapportering

Kriteria er gjort nærare greie for i vedlegget pkt. 2. 2.

Hordaland søker opptak i programmet for ein periode på 5 år.

### Metoder kunnskap eller erfaring

Beskriv hvilke teorier / faglige metoder dere benytter i prosjektet eller hvilken kunnskap/erfaring dere bygger på.

«Fleire gode leveår for alle» er visjonen for folkehelsearbeidet i Hordaland gjennom Regional plan for folkehelse. Målet er å jamne ut sosiale helseskilnader ved hjelp av gode strategier som når mange. Det planlagde programarbeidet i fylket skal vere befolkningsretta med vekt på førebyggjande og helsefremjande tiltak, særleg retta mot barn og unge.

#### *Helsefremjande teori- og verdigrunnlag*

Det helsefremjande perspektivet skal vere utgangspunkt for samarbeidet på ulike nivå og sektorar. Dette gjennom å sikre og styrke ressursane i dei miljøa der barn og unge naturleg oppheld seg. Livskvalitet, trivsel og meistring vert bygd gjennom heile livsløpet. Barnehagar og skolar, arbeidsplassar, fritidsarenaer og lokalmiljø er derfor sentrale helsefremjande arenaer. Fysisk og psykisk helse skal sjåast i samanheng, og god psykisk helse vert best skapt gjennom deltaking, meistring, tilhøyrse og oppleving av mening. Det blir i denne samanhengen viktig å identifisere og synleggjere korleis dei ulike miljøa kan fungere som gode påverknadsfaktorar for helse, og korleis ein kan styrke ressursane i desse miljøa.

#### *Metodar og erfaring*

Sentralt i det helsefremjande arbeidet står empowerment-tenkinga; som sikrar likeverdig samhandling mellom menneske gjennom reell medverknad/deltaking både i planlegging, gjennomføring og evaluering/forsking. Gjennom ei slik tilnærming, og med støtte frå styrkebaserte metodar, skal barn og unge i Hordaland få reell påverknad for å oppleve høg trivsel og livskvalitet. Gjennom deltaking skal barn og unge oppleve nytte av å vere med og få ei kjensle av å påverke utforminga av eige nærmiljø og lokalsamfunn. Ved å legge til rette for dette skal barn og unge oppleve tilhøyrse og positive relasjonar til vaksne, jamgamle og yngre.

Hordaland har verdifulle røynsler frå Nærmiljøprosjektet der det er prøvd ut fleire ulike metodar der barn og unge (frå barnehagebarn til ungdom) har bidrege i deltakande prosessar. Metodane og prosessane er under evaluering. Ei viktig erfaring frå dette prosjektet er korleis nærmiljøet får konsekvensar for meistring, trivsel og livskvalitet. Helsefremjande nærmiljø for barn og unge er anerkjennande.



Hordaland ønskjer at tiltaka som vert gjennomførte gjennom programmet skal bidra til ny kunnskap. Trøndelagsmodellen for folkehelsearbeid vil vere eit nyttig reiskap for å oppnå dette. Modellen skildrar ein stegvis utviklingsprosess. Det er avgjerande at kommunen hentar inn og tek i bruk beste tilgjengelege kunnskap, etablerer felles forståing for utfordrings- eller ressursbildet i kommunen, sikrar brei involvering og forankring i folkehelsearbeidet. Vi ønskjer å oppnå synergieffektar mellom dei som samarbeider om tiltak der fylket, programkommunane, forskingsmiljø, frivillige og andre involverte dreg nytte av kvarandre. Kompetansmiljøa/FoU-miljøa sin forskingsbaserte kunnskap saman med kommunane sin lokale kunnskap og erfaringar, vil styrke den samla kompetansen og sikre at tiltaka møter lokale behov i kommunane.

Tiltaks- og fremdriftsplan for året dere søker tilskudd  
Sett inn de viktigste tiltakene for å nå målene for prosjektet og angi gjerne måned for gjennomføring.

Tiltaks og framdriftsplan er gjort nærare greie for i vedlegg 5.

#### Risikofaktorer

Hvilke faktorer gjør det usikkert at dere når målene, selv om dere mottar tilskudd fra Helsedirektoratet?

- Den pågåande kommunereforma kan påverke gjennomføringsevne for prosjektplanlegging i kommunane i ei overgangsperiode. 13 av 33 kommunar i fylket er inne i ei kommunesamanslåingsfase. I tillegg er fylkeskommunen inne i regionreformarbeid.
- Kommunar som søker seg inn i programmet i 2018 har eit kort tidsvindaug for utvikling av prosjektskisse, og til å etablere dialog om evaluering med relevant FoU-miljø. Dette gjeld også politisk forankring av prosjekta i kommunen (før samarbeidsavtale vert inngått).
- Røynsler frå andre prosjekt viser at kompleksiteten i denne type prosjekt er sårbare for ulike endringar som til dømes skifte av ressurspersonar. Det tek tid å opparbeide relasjonar og kompetanse. Andre faktorar kan vere underestimering av ressurs og tidsbruk i prosjektet.
- Gode sluttprodukt i programmet i Hordaland er også avhengig av å få god planlegging av evaluering.
- Rammer knytt til endringar i årlege løyve frå Helsedirektoratet (jfr. årleg budsjettbehandling i statsbudsjettet) kan verke inn på prosjektframdrifta.
- Kommunane sine manglande oversyn over innbyggjarane sin helsetilstand og faktorar som påverkar helsa.
- Kommunane sin forståing/drøfting av eigne folkehelseutfordringar knytt opp til mål og strategiar for folkehelsearbeidet i kommunale planar.

#### Kontrolltiltak

-Beskriv de interne og eksterne kontrolltiltak hos dere som skal sikre korrekt rapportering og at målene nås.

-Beskriv om de gjennomføres allerede eller er planlagte.

-Interne kontrollaktiviteter, internrevisjon, autorisert / ikke autorisert revisor, andre offentlige tilsyn, Riksrevisjonen, evaluering og systematisk kvalitetssikret dokumentasjon er eksempler på kontrolltiltak som kan øke sikkerheten for at målene nås.

Helsedirektoratet sine krav i regelverk og tilskotsbrev skal ligge til grunn for all rapportering. Det vil bli etablert prosjektorganisasjon både i kommunane og i fylkeskommunen. Disse kontrollerer framdrifta i prosjektet, og vedtek overordna føringar og rammer lokalt. Det vil vere årleg rapportering av framdrift på arbeidet til samarbeidsorganet. Kommunane vil bli følgt opp av fylkeskommunen jf. punkt om fylkeskommunen sine oppgåver vedlegg 3.2.

#### *Samarbeidsavtaler med kommunane:*

Samarbeidsavtaler mellom fylkeskommunen og prosjektkommunane vil vere innretta for å ivareta krava i regelverket. Utbetaling av prosjektmidlar til kommunane gjennom årleg tilskotsbrev så lenge prosjektet vert støtta med midlar frå Hdir. Vidare vil krava til rapportering i tråd med Hdir sine føringar vere lagt inn i avtalane for å sikre at krav til budsjett med spesifikasjonar gjer det mogeleg å samanlikne på same nivå som i rekneskapen. Før Hordaland fylkeskommune har oversikt over kommunane sine ressursbehov er det ein del usikkerheit knytt til utgiftsdelen.

#### *Samarbeidsavtaler med FOU-miljø*

FoU-samarbeid med kunnskaps- og forskingsmiljø vil også regulerast gjennom ulike avtalar.

#### *Økonomisk styring og kontroll*

Fylkeskommunen og kommunane føl krav til offentleg rekneskapskontroll og kriterier i regelverket for ordninga. Hordaland fylkeskommune kan gjennom rekneskapssystemet Visma hente ut rapportar på alle rekneskapsnivå. Hordaland fylkeskommune har gode system for revisjon, god internrevisjon og autorisert revisor ved Deloitte. Politisk kontroll ved Kontrollutvalet. Det er offentleg innsyn i dokument.

Utbetalingar i prosjektet er sikra gjennom system for attestasjon og tilvising av ulike personar. Kommunane vil gjennom samarbeidsavtaler følge opp krava til offentleg rekneskapskontroll og kriterier i regelverket for ordninga.

## BUDSJETT

**Hordaland Fylkeskommune søker om tilskotsmidlar over fem år 2018-2022. Årleg søknadssum kr 10 mill. kroner over fem år – inntil 50. mill. kroner.**

### Inntekter

- Skriv alle beløp i hele kroner.
- Skriv null dersom en kategori er uaktuell.

### Søknadsbeløp

-Inkludert ubrukt tilskudd **50 000 000**

-Hvor stort beløp søker dere om totalt for året, inkludert ubrukt tilskudd?

-Søk kun om tilskudd for ett år og én ordning om gangen.

Ubrukt tilskudd **0**

-Beløpet skal også inkluderes i søknadsbeløpet.

-Dersom Helsedirektoratet innvilger tilskudd, vil vi trekke fra beløpet ved utbetaling.

-Dersom regnskapet for fjorårets tilskudd ikke er avsluttet, må ubrukte midler beregnes.

### Utgifter

- Oppgi budsjett for søknadsbeløpet på følgende kategorier.
- Helsedirektoratet gir ikke tilskudd til alle typer utgifter under alle ordninger - se kunngjøringen.
- Dersom dere får tilskudd, må dere kunne rapportere på disse utgiftskategoriene i tillegg til å sende inn relevante regnskapsrapporter som følger deres inndeling av regnskapet.
- Skriv alle beløp i hele kroner. Skriv null dersom en kategori er uaktuell.

1. Lønnsutgifter med sosiale utgifter **33 200 000**

(Det er tenkt ca. 15 prosjekt i fylket i perioden)

2. Reiseutgifter, arrangement, møter, konferansar **3 500 000**

3. Konsulenttenester **4 700 000**

4. Trykking, publikasjonar, kunngjeringar, utsending og distribusjonskostnader **800 000**

5. Investeringar/ utstyr **3 000 000**  
Kontroller i kunngjøringen om det gis tilskudd til dette.

6. Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortjenester **1 800 000**  
inkludert lokaler og energi

7. Andre utgifter

Spesifiser **Tiltaksutvikling i samarbeid med frivillig sektor.**

Kroner **3 000 000**

Sum utgifter **50 000 000.**

Sum utgifter må være identisk med søknadsbeløpet

**NB:** I vedlegget pkt. 6 er det gjort nærmare greie for kva vurderingar som ligg til grunn for taldelen.

**Info om andre inntektskilder**

Når Helsedirektoratet skal behandle deres søknad om tilskudd, trenger vi informasjon om andre inntektskilder i prosjektet.

Inntekter fra andre kilder

- Redegjør for inntektskilder dere har fått eller har søkt om.
- Oppgi hvor dere har søkt om finansiering, beskrivelse av finansieringen og beløp.

Egenfinansiering

Redegjør for hvor stor egenfinansiering, stillingsressurs eller frivillig innsats dere har fått innvilget eller har søkt om til prosjektet fra egen virksomhet.

Hordaland fylkeskommune nyttar egne stillingsressursar for å koordinere prosjektet i tillegg til å assistere kommunane med vegleiing, kompetanseheving mm.

**VEDLEGG**

- Søknaden kan utdypes i ett eller flere vedlegg dersom det er nødvendig.
- Aktuelle vedlegg er fullstendig organisasjonsoversikt og tilleggsinformasjon til søknad.

x Vedlegg 1 stk. følger med dette skjemaet når det sendes inn

Vedlegg ettersendes

Beskrivelse av vedlegg

Vedlegg 1). Beskriv forankringsarbeidet, system for å ta kommunar opp i programmet, samarbeidsformer og organisering, samt planer for medverknad, kommunane sitt høve til å utvikle og påverke programarbeidet, og opplegg for evaluering mm.

## **GODKJENNING**

- Søknaden skal være godkjent av styreleder eller den som har prokura.
- For kommuner og fylkeskommuner skal søknaden være godkjent av rådmannen eller den rådmannen har delegert myndigheten til.
- Skjema skal signeres av den som har godkjent søknaden.
- Vi godtar elektronisk innsendt søknad med skannet signatur.

Den som godkjenner skal:

- Kjenne til vilkårene og kravene i kunngjøringen.
- Godkjenne at opplysningene i søknaden er korrekte og et godt grunnlag for å vurdere å tildele statstilskudd

Dato

Signatur

Tittel/ rolle godkjenner

Søknaden sendes til:

[postmottak@helsedir.no](mailto:postmottak@helsedir.no)

eller

Helsedirektoratet  
Postboks 7000  
St. Olavs plass  
0130 Oslo